

en artikkel i *Syn og Segn* 1975, innledningen til antologien og en artikkel i samlingen *Litteraturen i skolen*, "Triviallitteratur og skolen" – viser at han også på dette området kunne ha gitt viktige bidrag til videre forskning.

Det var ellers ikke noen tilfældighet at noe av det siste Tvinnereim skrev, var artikkelen "Triviallitteratur og skolen". Han hadde utpregede pedagogiske interesser, og var også kjent som en fremragende foreleser og veileder for hovedfagsstudenter. Sammen hadde vi planlagt å lage en artikkelsamling, den første i sitt slag, for å stimulere til debatt om skolens litteraturundervisning. Etter Tvinnereims død måtte jeg selv stå for den endelige utforming av artikkelsamlingen *Litteraturen i skolen*, som utkom i 1978 – "*Til Audun Tvinnereims minne*".

I instituttets skriftserie *Eigenproduksjon* 4/1977 er det tatt med en fullstendig bibliografi over Audun Tvinnereims produksjon. Det ingen bibliografi imidlertid kan formidle, er de menneskelige kvaliteter som Tvinnereims medarbeidere opplevde i det daglige samværet på instituttet: Hans lojalitet, hans omtanke for andre og villighet til å stille opp der han kunne være til hjelp.

LITTERATUR:

Bjarte Birkeland: Nekrolog, *Bergens Tidende* 1977.

Innstillinger fra sakkyndigkomitéer:

- a. Lektorat i nordisk litteratur, Bergen 11.5.1970. (Nordisk institutt, Universitetet i Bergen).
- b. Søknad fra Audun Tvinnereim om opprykk til førstelektor, Bergen/Oslo 20.1.1975. (Nordisk institutt, UiB)

Johan de Mylius: Anmeldelse av Audun Tvinnereim: *Risens hjerte - en studie i Sigurd Hoels forfatterskap*, 1975. *Edda* 1976.

Audun Tvinnereim - *En bibliografi*. *Eigenproduksjon* 4/1977 (Nordisk institutt, UiB)

HELGE SANDØY

Lars Vassenden¹

*Universitetslektor i nordisk
språkvitskap 1967–94*

Det er svært mange som gjennom åra har følgt grammatikk- og språkbruksforelesingane som Lars Vassenden har halde. Timane har vore ei undervisning som sit i minnet. Dei har vitna om eit engasjement få kan oppdrive. Vi hugsar korleis læreboka *Norsk grammatikk. Elementære strukturer og syntaks* av Olav Næs blei kritisk saumfaren, og opposisjonsforelesingane førte oss opp på eit høgare nivå når det gjeld innsikt i norsk språkstruktur. Resultatet av forelesingane blei etter kvart mange grammatikarspirar og mange hovudfagsavhandlingar om norsk grammatikk.

Timane Lars Vassenden heldt, måtte vere godt førebudde. Undervisningsoppgåva har han alltid teke alvorleg, og studentane har følt at han har sett på formidlingsdelen av arbeidet som den viktigaste gjerninga si.

Gjennom dei åra han var tilsett ved Nordisk institutt i Bergen, rettleidde han over 50 studentar i arbeidet med hovudfagsavhandlinga. Det blei mange sider i mange versjonar å arbeide seg igjennom og kommentere. Få hovudfagsrettleiarar har lagt ned så mye arbeid for studentane sine. Det var derfor naturleg at fakultetet brukte Vassenden i kurs for hovudoppgåveskriving. Nokre av råda hans er seinare blitt formulerte i «Slik forfatter du en hovedoppgave» (trykt i *Eigenproduksjon nr. 45 - 1992: 129–131*).

Syntaks og språkbruk har stått hans faglege hjerte nærast. Dei siste åra ved instituttet skapte Vassenden faga *norsk i økonomisk-administrativ utdanning* og *norsk for språkkonsulentar*. Før

den tid arbeidde han med undervisningstilbodet *norsk som framandspråk*, eit fag for dei som vil undervise utlendingar. Gong på gong stilte han opp for å vere med og utvikle nye undervisningstilbod. Alle kursa våre i norsk for utlendingar går på ein eller annan måte tilbake til eit arbeid Lars Vassenden sette i gang. Sommarkursa for utlendingar var han lenge primus motor for, og han deltok i samarbeidet i Norden om kurs for nordisk-studentar heilt frå 1968.

Dei administrative børenene kan ikkje reknast opp. Velviljen sigra alltid, for Lars Vassenden tok på seg dei oppgåvene ein spurde han om å ta. Og alltid har han støtta kollegaer med råd.

Mindre synleg på universitetet var engasjementet hans utafør institusjonen. Der praktiserte Lars Vassenden faget sitt med å halde uendeleg mange kurs, i grammatikk og praktisk språkbruk. Kommunar, offentlege etatar og private verksemder som har komme i kontakt med Lars Vassenden, har oppdaga at språkbruken er noko ein bør leggje vekt på. Dei har fått respekt for det praktiske språkarbeidet, og dei har skjøna at det ikkje er uviktig korleis skriv og brosjyrar er formulerte når dei skal ut til allmenta. Frå dei siste åra er det grunn til å nemne særskilt dei kursa som Vassenden har drive og framleis driv i offentleg nynorsk språk i samarbeid med fleire nynorskkommunar i Hordaland.

Lars Hallfred Vassenden er fødd 18. juli i 1924. Språkinteressa skal han ha fått alt i barnealderen. Eller det «låg kanskje til familien»? Han har ein gong fortalt om korleis mora analyserte setningar når ho hadde søvnlause netter!

Lars Vassenden tok artium på Voss landsgymnas i 1945 på norrønlinja, og han blei cand.philol. hausten 1953. Hovudfaget var sjølvsagt nordisk, og hovudoppgåva gjaldt «Ein analyse av syntaksen i vilkårssetningane i nynorsk». Lars hørte til første kullet – på to studentar – som avla hovudfagseksamen i nordisk ved Universitetet i Bergen.

Kontakten med «Nordisk» i Bergen gav han ikkje opp etter eksamen. Mens han var tilsett som lektor ved Orkdal landsgymnas (1953–1959), brukte han eit par somrar til å samle inn dialektmateriale for Målføresamlinga ved instituttet. Sommaren 1955 samla han inn materiale frå Dale i Nordhordland. Neste

sommar sende Mikjel Sørлие han til Høyanger i tilsvarande ærend, for «[v]i veit ingen ting om talemålet der, og det ville ha stor interesse om ein kunne påvisa *visse tendensar* i det talemålet som etter kvart fekk form der.»

Men han hadde også interesser utafor landegrensene. Året 1955–56 hadde han stipend for å studere språkvitskap ved Universitetet i Paris. I 1959 reiste han tilbake til Frankrike, til utalandslektoratet i norsk ved Universitetet i Strasbourg. Han kom attende til Universitetet i Bergen sommaren 1963 til eit lektorvikariat i norsk språk, og frå 1.2.1967 var han fast tilsett ved Nordisk institutt.

Grammatikkinteressa kombinerer Vassenden med stor innsikt i stilistikk og praktisk språkbruk. For han har det vore viktig å vise korleis stilistisk variasjon kan illustrere syntaktiske mønster, og denne pedagogiske grunnideen har han forma ut i læreboka *Norsk syntaks*, som kom i 1993 i serien av lærebøker i fjernundervisningsopplegget for nordisk grunnfag (Fjernord). Dette er første gongen syntaks og stilistikk er kopla så nært saman innafor vår fagtradisjon; forfattaren lét eine aspektet vere illustrasjon på det andre. Vassenden har alltid følgt godt med i fransk grammatisk litteratur, og han henta inspirasjonen til dette opplegget derifrå. Boka har ein førstedel om former og mønster i språket, der ordstillingsreglar er sentrale. Del II går inn på dei funksjonelle sidene av dei syntaktiske einingane. Den store og viktige del III har omformingane som emne, dvs. at forfattaren der viser korleis ein endrar setningane og flyttar på ledda etter konteksten og behovet for stilistisk markering. Her ser Vassenden på språket som ein prosess med omformingar, og tankegangen frå transformasjonell generativ grammatikk ligg nær, slik han sjølv også nemner. Men Vassenden prøver ikkje å postulere eit ferdig apparat av reglar, han nøyer seg «med eit lite inntrykk av kva omformingsreglar vi kan gjera bruk av i språket vårt om vi ønskjer å variera språkføringa vår» (s. 130).

Nært knytt til innhaldet i denne læreboka er artikkelen «Gjer ein syntaktisk analyse!» (trykt i *Eigenproduksjon nr. 50 - 1993*: 90–101). Her viser han korleis ein kan løyse ei eksamensoppgåve, og avslutninga er typisk nok: «Då blir syntaktisk analyse verkeleg morosam».

Da Kjell Råheim på Institutt for generell psykologi i 1990 sette i gang eit større prosjekt om «Studenters ferdigheter i norsk» for å studere endringar i skriveugleiken åt ferske studentar på fleire fakultet frå åra 1966, 1977 og 1988, var Vassenden ein naturleg samarbeidspartnar. Saman med Gunnstein Akselberg gjennomførte han prosjektet «Språkstrukturelle tilhøve i eksamenssvar ved examen philosophicum». Frå dette prosjektet har han trykt artikkelen «Saklege framstillingar skal vera 'ryddige'» – i *Nordica Bergensia 5-1995*: 181-200. Her held han seg mye på eit makroplan i teksten, og han stiller presise krav til eit skriftleg produkt. Fordi «[e]in teori skal helst kunna visa sin bruksverdi i praksis» (s. 190), gir han òg ein konkret analyse av to tekstar.

Saman med Tor G. Hultman gav han i 1994 ut boka *Språklig nivåsenking?* (ADH-serien nr. 73). I sin del av boka, «Språkleg nivåsenking – realitet eller myte» (s. 17–34), går Vassenden igjennom premissane for ei gransking av skriveugleik, og han drøftar dei kategoriane ein måtte bruke for å analysere dei eksamenstestane studentane produserte. Resultata drøftar han òg, og dei gir ingen klår konklusjon: «Førebels har vi heller ingen gode grunnar til å meina at norske studentar har ringare norsk-språklege 'ferdigheter' enn andre grupper språkbrukarar» (s. 33). Det prosjektet når fram til, er å stille fleire spørsmål om emnet.

I tillegg til desse publikasjonane har Vassenden trykt eit par bokmeldingar.

Sommaren 1994 avslutta han det institusjonaliserte yrkeslivet. Men han har halde fram med å ta på seg oppdrag med kurs, forelesingar og sensur. For tida arbeider han med ei ny utgåve av *Norsk syntaks*.

1 Denne artikkelen er ein litt utvida versjon av føreordet i festskriftet *Helsing til Lars Vassenden på 70-årsdagen* (1994), redigert av Johan Myking, Helge Sandøy og Ivar Utne.

ASBJØRN AARSETH

Sigurd Aa. Aarnes

*Universitetslektor (vikar)
i nordisk litteraturvitenskap 1962–64,
universitetslektor 1964–69,
førstelektor 1969–88,
professor 1988–92,
seniorstipendiat 1992–94*

Sigurd Aage Aarnes er født 12. februar 1924 i Oslo. Han studerte ved Universitetet i Oslo og ble cand. philol. høsten 1950 med bifagene historie og engelsk og hovedfag i norsk. Fra 1951 til 1953 var Aarnes studielektor i Årdal i Sogn, og fra 1953 til 1958 var han lektor ved Risør kommunale høyere almenkskole. Mens andre unge norske litteraturformidlere i 1950-årene som fant tid til intellektuelle sysler ved siden av sin lærergjerning, for det meste var opptatt av metodestriden i faget, orienterte Aarnes seg i en retning som var litt mer uvanlig for hans generasjon: studier i europeisk åndshistorie.

Den første publikasjonen var en artikkel i *Kirke og kultur* 1953, "Fra sekulariseringens historie". Dette korte arbeidet viser at Aarnes hadde sans for de kulturhistoriske synteseforsøkene, debatten om de lange linjene i Europas åndshistorie. Med grunnlag i lesning av aktuelle og vektige bidrag på de europeiske hovedspråkene, bl.a. av Paul Hazard og Karl Löwith, reflekterer han over det skiftende synet på renessansens betydning for kristendommens posisjon og karakter, og drøfter kontinuitet og forandring i prosessen fra en sakral til en profan tolkning av utviklingens retning og mål. Det neste skrittet måtte være å bevege seg nærmere kildene, å studere tekster fra en eller annen avgjørende etappe av utviklingen. Det gjør Aarnes i sin neste